

Notat 10/2005

Randi Bergem

# **Leiing i frivillig og offentleg samarbeid**

## **Evaluering av eit studieemne**



**HØGSKULEN I VOLDA**



**MØREFORSKING  
VOLDA**

2005

<b>Prosjekttittel</b>	Leiing i frivillig og offentleg samarbeid Evaluering av eit studieemne
<b>Prosjektansvarleg</b>	Møreforskning Volda
<b>Finansiering</b>	Høgskulen i Volda v/KEV
<b>Prosjektleder</b>	Randi Bergem
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISSN</b>	0805-8075
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.moreforsk.no/volda.htm">http://www.moreforsk.no/volda.htm</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a> Gnist Møre Volda, P.B. 278, 6101 Volda Tlf. (ISDN): 70 07 53 85. Faks 70 07 53 86 E-post: <a href="mailto:sfsbok@hivolda.no">sfsbok@hivolda.no</a>

**Notatserien** er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

## Innhald

<b>Innhald .....</b>	<b>3</b>
<b>Innleiing.....</b>	<b>4</b>
<b>Dei lukka spørsmåla.....</b>	<b>5</b>
Kor nøgd er du med eigen innsats? .....	5
I kva grad har studiet heva kompetansen din ? .....	6
I kva grad passa studiet sitt innhald til din arbeidssituasjon? .....	6
I kva grad passa studiet si form til din arbeidssituasjon? .....	7
Kor nøgd er du med rettleiinga?.....	7
Kor nøgd er du med nettleksjonane?.....	8
Kor nøgd er du med arbeidsprosessen rundt videoane? .....	8
Kor nøgd er du med arbeidskrava? .....	9
Kor nøgd er du med gruppearbeidet? .....	9
Kor viktig var oppstartsamlinga.? .....	10
<b>Dei opne spørsmåla .....</b>	<b>10</b>
Korleis opplever du å studere via Internett?.....	10
Kva ville gjort dette semesteret betre? .....	11
Kvifor deltek du på kurset? .....	12
For deg personleg, kva var av størst verdi?.....	12
I høve til arbeidet ditt, kva var av størst verdi? .....	13
Korleis har studiet påverka synet ditt på samarbeid med andre aktørar i spenningsfeltet mellom frivillig og offentleg verksemd?.....	14
Her ber vi om at du skriv noko som du meiner var viktig, men som vi ikkje har spurt om .....	14
<b>Samanfatting og konklusjonar .....</b>	<b>15</b>

## Innleiing

Emnet Leing i frivillig og offentleg samarbeid er ein del av studiet Frivillig og offentleg, som Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) ved Høgskulen i Volda er ansvarleg for. Studiet omfattar to emne:

- Leing i frivillig og offentleg samarbeid (emne 1)
- Prosjekt- og informasjonsarbeid (emne 2)

Målet med studiet er å gje studentane forståing for leing og organisering, og at dette skal skje på ein måte som gjer at dei utviklar eigen leiingskompetanse, som kan brukast i organisasjonar der samspelet mellom offentleg og frivillig sektor er viktig.

Studentane er i arbeid samstundes med at dei gjennomfører kurset/emnet. I studieplanen er det poengtert at problemstillingane i emnet skal kunne nyttast og relaterast til arbeidssituasjonen til deltakarane. Emnet er formidla via skriftlege nettlesksjonar, knytte til kvart av dei faglege tema i emnet. Elles er det lagt opp til at studentane skal jobbe i grupper, både på nettet og ved at dei møttest. Undervisning, gruppearbeid og diskusjonar har gått føre seg via Classfronter.

Målgruppene for studiet har i 2005 vore:

- Leiarar ved lærings- og meistringssenter
- Leiarar ved frivilligsentralar
- Leiarar ved avdelingar og institusjonar som samarbeider tett med brukarorganisasjonar

Emnet Leing i frivillig og offentleg samarbeid er evaluert av studentane gjennom eit evalueringsopplegg i Classfronter. Vi har nytta data derifrå i vår analyse av evalueringa. Dette notatet er ei samanfating av studentane sine oppfatningar om og erfaringar med studiet. Evalueringa til studentane er også vurdert med utgangspunkt i måla i studieplanen.

Av 63 studentar er det om lag 74 % som arbeider ved ein frivilligsentral eller tilsvarande (bygdesimal, nærmiljøsentral), medan dei andre (26 %) er sjukepleiarar (mellom anna knytte til lærings- og meistringssenter), lærar, prest, rekneskapsmedarbeidar, tilsett i skatteetaten og personar som arbeider i kommunar og representerer frivillige organisasjonar o.a..

Studieemnet har altså 63 registrerte studentar, av desse er det 50 som har svart på kursevalueringa. Det vil seie ein svarprosent på knapt 80. Det er ein relativt mange (30 %) av dei som ikkje er tilsette ved frivilligsentral som ikkje har svart på evalueringa, såleis kan det vere snakk om eit fråfall som er skeivt. Men fråfallet er uansett så lite samla sett at vi ikkje vil trekke konklusjonar på dette punktet.

Det er berre ti av dei som har svara på kursevalueringa som ikkje arbeider ved ein frivilligsentral. Dette er så små tal at vi ikkje har gjort statistiske koplingar mellom arbeidsstad og vurderingar av ulike sider ved studiet. Det vil seie at vi ikkje har samanlikna vurderingane til tilsette ved frivilligsentralar med vurderingane til "dei andre". Vi har likevel brukt datamaterialet til å sjekke (manuelt) om det er skilnader i oppfatningar med utgangspunkt i arbeidsstad, men materialet viser ingen klare tendensar til samanheng her. Vi har også sjekka dette i forhold til det som vert nemnt i dei opne spørsmåla.

Spørjeskjemaet, som er utarbeidd av dei kursansvarlege, inneheld 10 spørsmål med faste svaralternativ, og sju opne spørsmål (eitt av desse var eventuelt).


Oppdraget til Møreforskning i Volda har vore å lage ein presentasjon av resultatane, og gjere ein analyse av desse med utgangspunkt i målsetjingane i studieplanen.

## Dei lukka spørsmåla

Nedanfor følgjer ein presentasjon av resultatane på dei lukka spørsmåla. Sjølv om det berre er 50 studentar med i undersøkinga, og det vil seie få respondentar knytte til kvar svarkategori på dei ulike spørsmåla, har vi valt å presentere resultat i prosent og ved hjelp av diagram. Vi meiner at ei grafisk framstilling gir eit bra uttrykk for vurderingane som studentane gir i forhold til ulike sider ved studiet. Vi vil også nemne at svarkategoriene på nokre av spørsmåla ikkje differensierer mykje (t.d. lite nøgd/litt nøgd, i liten grad/litt), men vi trur likevel at framstilliga er eigna til å gjere nokre generelle analysar av studentane sine oppfatningar om studiet.


På det første spørsmålet skulle studentane vurdere eigen innsats, og spørsmålet var:

### Kor nøgd er du med eigen innsats?




Vel halvparten av studentane (57 %) er bra eller godt nøgde med eigen innsats, 24 % er nøgde, medan 17 % er lite eller litt nøgde med innsatsen. I kommentarane på dei opne spørsmåla kjem det fram at det til tider har vore ei utfordring å kombinere studiar med arbeid og familie, men som diagrammet viser, ser det ut til at svært mange av studentane er relativt tilfredse med innsatsen dei har gjort, sjølv om nokre ikkje vurderer innsatsen som tilfredsstillande.

### I kva grad har studiet heva kompetansen din ?




Studiet gir 15 studiepoeng, difor vil alle som greier eksamen i alle fall få heva den formelle kompetansen, men det er sjølvstomt mogleg å oppleve at ein får auka kompetanse sjølv om ein ikkje tek eksamen. Svara på dette spørsmålet er difor vanskeleg å vurdere når ein ikkje veit kva type kompetanse studentane har hatt i tankane når dei har svara. Men tala viser i alle fall at flesteparten (80 %) meiner at studiet har heva kompetansen deira i nokon grad eller i stor grad. For dei fleste studentane var målet med deltaking på studiet å heve kompetansen (jf kommentarar til dei opne spørsmåla), tala ovanfor viser at mange av studentane føler at dei har nådd målet om kompetanseheving. Det er likevel grunn til å merke seg at 18 % meiner at studiet har heva kompetansen i liten grad eller litt, elles er det også grunn til å tenke over kva studentane meiner når dei på dette spørsmålet svarar i nokon grad.

### I kva grad passa studiet sitt innhald til din arbeidssituasjon?




Det ser ut til å vere bra klaff mellom innhaldet i studiet og arbeidssituasjonen til studentane, i og med at 43 % meiner at innhaldet i studiet i stor grad passa til arbeidssituasjonen. Det er ingen klare tendensar til skilnader mellom studentar som er tilsette ved frivilligsentralar og dei andre studentane.

## I kva grad passa studiet si form til din arbeidssituasjon?




Som diagrammet viser opplever mange av studentane (79 %) at forma som studiet har i nokon grad eller i stor grad passar til deira arbeidssituasjon. Dei fleste er i arbeid, har familie og har difor i liten grad høve til å vere heimanfrå over lengre periodar, såleis er nettstudiar ein god måte å studere på. Eitt av dei opne spørsmåla hadde også nettstudiar som tema, og i svara som vert gjevne stadfestar det positive inntrykket når det gjeld tilpassing til arbeidssituasjonen.

## Kor nøgd er du med rettleiinga?




Om lag halvparten av studentane (51 %) er bra nøgde eller godt nøgde med rettleiinga, medan 32 % er nøgde og 15 % er lite nøgde eller litt nøgde. Dette viser at dei fleste synest rettleiinga har fungert bra, men dersom ein ser svara her i samanheng med fleire av kommentarane på dei opne spørsmåla, ser det ut til at det bør leggest betre til rette når det gjeld rettleiing og det som gjeld oppgåveskriving.

### Kor nøgd er du med nettleksjonane?



Når det gjeld nettleksjonane er halvparten av studentane bra eller godt nøgde, medan 36 % er nøgde og 11 % litt nøgde. Studentane er meir nøgde med den delen av studiet som er knytt til nettleksjonane samanlikna med korleis dei vurderer arbeidsprosessen rundt videoane (jf nedanfor).


### Kor nøgd er du med arbeidsprosessen rundt videoane?



Tala viser at dette er ei side ved studiet som ikkje har fungert tilfredsstillande. Rett nok er knapt halvparten av studentane nøgde, bra nøgde eller godt nøgde, men den andre halvparten er lite nøgde eller berre litt nøgde. I kommentarane på dei opne spørsmål får vi stadfesta dette inntrykket. Mange kommenterer at dei synest videoane fungerte dårleg.




### Kor nøgd er du med arbeidskrava?




Godt over halvparten av studentane (62 %) er bra nøgde eller godt nøgde med arbeidskrava. Det ser såleis ut til at desse har fungert bra, men det er alltid ting som kan gjerast betre, og vi vil igjen nemne at det er fleire som etterlyser meir informasjon om og tilbakemelding på oppgåvene (jf delen om dei opne spørsmåla).

### Kor nøgd er du med gruppearbeidet?



Over halvparten av studentane er bra eller godt nøgde med gruppearbeidet. Arbeid i grupper/oppretting av nettverk og meir fagleg innsikt i det å arbeide i grupper vert trekt fram av mange studentar når dei kommenterer kva sider ved studiet som har hatt størst verdi for dei. Det har med andre ord vore ein viktig del av erfaringane frå studiet. Sjølv om vel halvparten av studentane vurderer gruppearbeidet positivt, er det relativt mange studentar (26 %) som er lite eller berre litt nøgde med gruppearbeidet. Somme opplever at det har vore vanskeleg å få arbeidet i grupper til å fungere, noko som truleg har samanheng med at studiet er nettbasert, og at studentane bur relativt spreidd.

## Kor viktig var oppstartsamlinga.?



Langt over halvparten av studentane meiner at oppstartsamlinga var svært viktig, medan 14 % meiner at ho ikkje var viktig eller berre litt viktig. Såleis er det grunn til å tru at oppstartsamlinga er nødvendig for at studentane skal få det beste ut av dei andre fasane i studiet. Dette heng mellom anna saman med at fleire av studentane har tidlegare studiar fjernt i minne, og at dei ikkje er godt kjende med bruk av ymse dataprogram. Oppstartsamlinga er truleg også viktig som utgangspunkt for etablering av grupper, og diskusjonar på nettet. Det er noko med det å ha møtt dei andre. Difor vil ei slik samling vere nødvendig både i forhold til innføring i bruk av Classfronter og for samarbeidet mellom studentane vidare i studiet.

## Dei opne spørsmåla

### Korleis opplever du å studere via Internett?

Dei fleste studentane synest dette har vore ei positiv oppleving, og ei studieform som passa godt til deira livssituasjon, som inneber at dei er i arbeid og har familie og at dei difor ikkje har hatt høve til å vere borte heimanfrå.

Spennende og frigjørende. Gjør at studier er mulig å gjennomføre...

Synest dette var en fin måte å studere på, samtidig som eg er i full jobb.

Sjølv om det for mange hovudsakleg har vore ei positiv oppleving å studere via nettet, var det sider ved opplegget som kan gjerast betre. Det er svært mange som etterlyser grundigare/betre innføring i bruk av Classfronter.

Positivt at vi kan sitte hjemme og studere, og ikke bruke tid på å reise fram og tilbake til skolen i en heller hektisk hverdag. Negativt mtp felleseksamen. Vanskelig å samarbeide kun via nett, ClassFronter er et lite egna medium til fruktbare diskusjoner hvor man kan lære av hverandre, dele erfaringar osv. Gikk veldig mye tid til frustrasjoner, nettmøter uten møteledelse/agenda osv. Det jeg har fått av erfaringar/delt kunnskap fra andre, har ikke kommet via Fronter, men via telefonsamtaler, mail osv.

Det går stort sett greit, men det ble veldig mye ekstra arbeid når en skulle arbeide i gruppe og geografien gjorde at vi ikke kunne møtes fysisk. Tror gruppeprosessen ble ekstra vanskelig pga dette. Jeg forstår likevel at det er slik det nødvendigvis må bli.

Somme studentar hadde meir eintydige negative erfaringar med å studere via nettet, fleire av desse er knytte til bruk av Classfronter:

Jeg tror egentlig jeg ville foretrukket et kurs med flere samlinger – jeg har ikke blitt helt ”godvenner” med den internettvariantent.

Å bruke Fronter som diskusjonsforum fungerte ikkje. Det ble bare tull og tøys det som var innpå der. Men det er nok oss studenter sin feil også. Men savner mer deltakelse fra lærerne på Fronter. Kanskje de kunne invitert til/startet diskusjon der.

Eg synest det er vanskelig med nettet. Er er redd for å misforstå beskjeder eller ikkje finne fram dit eg skal.

### **Kva ville gjort dette semesteret betre?**

Fleire studentar saknar meir informasjon om oppgaveskriving og betre tilbakemeldingar på oppgåvene.

Bedre tilbakemeldingar på oppgavene. Oppgavene kunne vært tilpasset litteraturen bedre. Opplevde gap mellom oppgave/eksamen og pensumbøkene.

Det som skapte usikkerhet hos meg var hvordan en oppgave skal struktureres og skrives. Kanskje vi skulle hatt en innføring i hvordan det skal gjøres.

Svara studentane gir på spørsmålet om kva som ville gjort semesteret betre stadfestar at det er mange som er kritiske til korleis bruk av Classfronter fungerer:

Kanskje bedre informasjon på oppstartsamlinga i forhold til video og nettleksjonar. Det same gjeld info om praktisk bruk av Fronter.

Brukt mer tid på oppstartsamlinga til å gjøre alle kjent med Fronter og hvordan vi kunne ha brukt det mer....

Fleire samlingar og betre tilrettelegging for, eller krav om å diskutere i grupper, vert etterlyst:

Effektivt gruppearbeid, og nettstudentar som etterkom studiekraav om deltaking på nett i større grad.

Større grad av tovegskommunikasjon mellom studentar og førelesarar.

Nokre kommenterer at nytten av videoane var liten:

De fleste videoene hadde liten relevans for min hverdag, de viser situasjoner jeg aldri har opplevd.

Veldig kjedelig at alle skreiv omtrent det same på kvar video, vart for liten dynamikk. Kva med respons frå dei som hadde hatt ein tanke bak dei? Det same kunne vore gjort omkring nettleksjonane.

Desse kommentarane stadfestar inntrykket frå det lukka spørsmålet knytt til vurderingar av arbeidsprosessen rundt videoane

Elles var det tilsette ved frivilligsentralane som meinte videoane var svært fokuserte mot meistringssenter, og tilsette ved meistringssenter som opplevde at studiet (generelt, ikkje knytt til videoane) var for mykje retta mot tilsette i frivilligsentralane.

### **Kvifor deltek du på kurset?**

Så godt som alle skriv at dei deltek på kurset for å auke eigen kompetanse, både formelt og i forhold til dagleg arbeid. Sitata nedanfor gir ei god samanfatting av studentane sine svar på kvifor dei deltek på kurset.

For å utvikle meg mht jobben jeg gjør, se ting i nytt lys, se sammenhenger, få ideer. For å utvikle meg mht fritiden min, dvs organisasjonsarbeid. For å samle studiepoeng med tanke på videre utdanning.

For å heve kompetansenivået mitt, slik at eg kan fungere betre i ein jobb eg likar godt. Lære noko nytt og kanskje få ei fagutdanning med tida.

Ynskje om å auke kompetansen min og gjere ein betre jobb reint teknisk. Dessutan for å få større kunnskap og forståing omkring frivillighet generelt i samfunnet og frivilligsentralane si rolle saman med andre organisasjonar.

Som vi var inne på i delen om dei lukka spørsmåla, er det slik at flesteparten (80 %) meiner at studiet har heva kompetansen deira i nokon grad eller i stor grad. Såleis er det godt samsvar mellom årsaker til deltaking på kurset og faktisk oppleving av kompetanseheving hos studentane.

### **For deg personleg, kva var av størst verdi?**

Mange trekkjer fram dette med å ha arbeidd i grupper som ei svært nyttig erfaring på dette studiet.

Utvikling av nettverk, og det å få innsyn i andre gruppers arbeidsmetodikk og utgangspunkt for sitt virke.

Etablere nye nettverk – jobbe saman med andre i gruppesammenheng. Vi er tre som har utviklet et alle tiders nettverk, som ikke bare fungerer godt i studiesammenheng, men vi kan og nyttiggjøre oss hverandre i jobbsammenheng. Veldig artig og inspirerende.

Gruppearbeid og prosessen der. Lærte masse om å jobbe så tett saman.

På spørsmålet om kva som ville gjort semesteret betre, såg vi at somme studentar sakna meir gruppearbeid/samtalar/diskusjonar. På spørsmålet her om kva som var av størst verdi ser vi at mange meiner at gruppene er det som har hatt størst verdi for dei sjølve. Såleis er det grunn til å vurdere korleis ein kan legge betre til rette for gruppearbeid og gruppediskusjonar i tilknytning til dette studieemnet.

Bevisstgjerjing både teoretisk og fagleg og i forhold til eiga rolle har også vore eit viktig for mange.

Å få bundet sammen min sosiologiteori med mitt praksisfelt (jobben)! Dette kurset ble den lille brikken som manglet for å få hele puslespillet på plass!

Bekreftelse og bevisstgjøring av egen rolle i forhold til jobb og fritid.

### **I høve til arbeidet ditt, kva var av størst verdi?**

Som nemnt tidlegare, har dei alle fleste studentane (73 %) arbeidet sitt ved ein frivilligsentral eller tilsvarande. Av dei som har svart på kursevalueringa utgjer den nemnde gruppa 76 %. I og med at gruppa "andre arbeidsstader" er svært variert og utgjer ein relativt liten del av studentane, er det vanskeleg å samanlikne resultata systematisk med utgangspunkt i arbeidsstad. Vi vil likevel prøve å vurdere svara på dette spørsmålet i lys av variabelen arbeidsstad.

Det er først og fremst to stikkord som går att i kommentarane til mange av studentane. Dei er knytt til kunnskap om det å vere leiar, og til det å arbeide i prosessar og i grupper.

Har vorte meir skjerpa i forhold til møte med andre aktører, muligheiter og begrensingar i forhold til eiga rolle.

Har erfart at det kan vere klokt at ikke alle tanker er tenkt på forhånd av meg. Tror jeg er blitt bedre til å starte en prosess og involvere flere fra starten.

Ei som arbeider ved ein frivilligsentral seier følgjande som kan knytast til det å arbeide i grupper og å vere prosessorientert:

Kommer nok til å endre litt væremåte, for jeg har skjønnt at det ikke er lurt å være "flinkest i klassa". Jeg har ofte tenkt ferdig for alle (styret mfl), gjort ferdig arbeid for å ikke belaste andre. Dette blir det slutt på!

Det er fleire som nemner at det dei har lært om leiarskap truleg vil vere nyttig i forhold til eige arbeid. Dette gjeld uavhengig av om ein arbeider ved ein frivilligsentral eller andre stader. Tre av dei som arbeider ved frivilligsentralar seier dette om verdien av kurset:

Fint i forhold til å få bekreftet eget lederskap. Bli bevisst i forhold til eget lederskap og hvordan ledere virker på de du skal lede. Viktig å se hvem en skal lede og hvordan. Aha-opplevelse i forhold til andre ledere i systemet og hvordan jeg selv og andre bruker vår rolle i vårt daglige arbeid.

Har fått noen nye tanker om ledelse av frivillige.

Sikrere og tryggare som leiar på alle nivå. Bevisstgjøring på eiga rolle.

Ein av studentane, som er lærar, men som deltek på kurset like mykje fordi vedkomande er engasjert i frivillig arbeid, seier dette om verdien av kurset:

Lite verdi i forhold til mitt daglige arbeid, kanskje litt i forhold til ledelse.

Kunnskap om leiing og arbeid i grupper og i prosessar er det som oftast vert trekt fram. Variabelen arbeidsstad (frivilligsentral eller andre arbeidsstader) ser ikkje ut til å spele noka vesentleg rolle når det gjeld kva studentane vurderer som verdien av kurset sett i forhold eige

arbeid. Men det er som sagt vanskeleg å gjer noka god samanlikning fordi gruppa som ikkje er tilsette ved frivilligsentralar er så lita.

### **Korleis har studiet påverka synet ditt på samarbeid med andre aktørar i spenningsfeltet mellom frivillig og offentleg verksemd?**

På dette spørsmålet er det mange som seier at synet på samarbeid mellom frivillige og offentlege aktørar er som før, det vil seie at dei både før kurset og som følgje av kurset oppfattar slikt samarbeid som svært viktig. Men i løpet av kurset har dei fått betre forståing for korleis det fungerer og korleis ein kan medverke til å fremje og vidareutvikle slikt samarbeid, ikkje minst har dei fått forståing for kvifor denne typen samarbeid er utfordrande på mange vis.

Større forståelse for hvor forskjellig vi oppfatter ting som blir sagt for eksempel i møter, men også andre plasser. Jeg må lære meg å bli tydeligere overfor alle aktørene jeg samarbeider med. Forstår bedre hvorfor enkelte ting ble som de ble.

Tror ikke det påvirket i særlig grad, men har fått videre innsikt, og fått bekreftet en del forhold.

Synet på samarbeid har ikke endret seg, men føler at jeg forstår mer hvorfor samarbeid av og til ikke fungerer så godt, samtidig har jeg fått noen aha opplevelser når samarbeidet har fungert. Håper dette kan hjelpe meg i møte med fremtidige utfordringer.

Studiet har gitt meg innsikt - og utsikt i forhold til aktører som jeg i jobbsammenheng kan samhandle med. Dette kan være aktører som jeg i første omgang ikke har tenkt er mulig å inngå et samarbeid med...

Det finst også dei som synest at kurset har lagt for lite vekt på dette temaet:

Har ikkje fått dette spenningsfeltet heilt på plass. Tykkjer temaet ikkje har vore godt nok drøfta eller opp til debatt. Me (deltakarane på kurset) vart for opphengde i systemverd-livsverd debatten, tykkjer me vart veldig normative om kven som var "gode" og kven som var "vonde". Sakna som før nemnt at kursleiarar kunne ha deltatt i desse debattane.

### **Her ber vi om at du skriv noko som du meiner var viktig, men som vi ikkje har spurt om**

Det er ein del av dei same momenta som går att på dette spørsmålet som det studentane har vore inne på i føregåande spørsmål, til dømes bruk av Classfronter og opplevd mangelfull tilbakemelding på oppgåvene. Kurskoordinatoren får ros for sitt arbeid, såleis ser det ut til at dei meir overordna organisatoriske sidene ved kurset har fungert godt. Elles er mange av kommentarar på dette spørsmålet knytte til eksamen og litteraturen.

Skriftlig eksamen (..) burde vært på 4 timer.

Var veldig overraska over eksamen. Tidleg i studiet vart studiet kritisert for å vera for overordna og lite løysingsorientert. Dette snudde 180 grader med eksamensoppgåva. Lurer på om det var planlagt eller resultat av kritikk.

For å heve studiet sitt troverdigheit, bør eksamestida utvidast. 3 timar er for lite i forhold til vekttalet som studiet representerer og virka på meg umotiverande og stressande.

Hovedbøkene burde inneholde mer om forholdet mellom kommunal og frivillig sektor. Eksamen burde også handle om dette.

Litteraturen kunne vært enda mer rettet mot frivillig arbeid.

Savner litteratur som representerer mer bredde i begrepet ledelse.

Vanskelig å si. Kunne fått veiledning på valg av tilleggslitteratur. Mange valgte bøker som var helt på jordet ifht pensum.

Litteraturen var interessant og lærerik, men slet med tilpassningen mellom oppgaver og litteratur, dette tok bort en del av motivasjonen, og gav frustrasjon.

Det burde, på oppstartsamlinga vore fokusert meir på opplæring i Fronter, og det burde kome tydligare fram kva arbeidskrav de har til studentane i forhold til Fronter. Det hadde vore stor hjelp om leiarane hjalp gruppene meir til rette.

Synes vi skulle hatt mer ”trening” i å bruke Fronter på oppstartsamlinga.

## Samanfating og konklusjonar

Studiet er lagt opp slik at det skal medverke til at studentane får meir ut av det daglege arbeidet gjennom at dei utviklar reiskapar til å analysere eigen og andre sine organisasjonar. Ved hjelp av slike reiskapar kan dei skape og bygge arenaer og nettverk og jobbe strategisk med oppgåver i organisasjonen. Vidare skal studiet gje studentane forståing for leing og organisering, slik at dei kan utvikle leiingskompetanse som kan brukast der samspel mellom offentleg og frivillig sektor er viktig.

Som vi har sett i resultatdelen ovanfor er det mange av studentane som meiner at kunnskap om ulike sider ved leing har vore det som har hatt størst verdi i forhold til eige arbeid. Dette er i tråd med eitt av hovudmåla med studieemnet, nemleg å gje studentane forståing for leing og organisering. Når det gjeld oppfatningar om samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor er det svært få som seier at studiet har endra oppfatninga deira om dette. Men det er mange som nemner at dei gjennom studiet har vorte meir bevisste på kva som kan ligge i slikt samarbeid, og korleis dei kan arbeide for å etablere denne typen samarbeid. Såleis er det bra samsvar mellom studentane sine vurderingar og dette målet med studiet.

Når det gjeld måten å organisere og gjennomføre studiet på, er det fleire ting som bør vurderast. Det er særleg knytt til bruken av Classfronter. Mange følte dei ikkje hadde fått nok opplæring i dette, og at dei difor ikkje meistra det godt nok til å få det beste ut av det. Mellom anna var det mange som meinte at diskusjonane blant studentane ikkje vart gode, og/eller at studentane i altfor liten grad brukte Classfronter til diskusjonar om fag og andre forhold knytte til innhaldet i studiet. Fleire etterlyste lærarane i slike diskusjonar. Det ser også ut til at ein bør vurdere å gjere noko i forhold til oppgåvene som studentane skal skrive i løpet av studiet. Mange sakna meir informasjon og tilbakemelding/rettleiing på desse.